



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2204 - 18/8181

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

09.03.2018

Reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum - oval rundkøyning - planID 1263-201702 - oppklaring

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 8. mars der det vert gitt samordna uttale med motsegn på detaljplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning, dykkar referanse 2017/3333 421.4. Under overskrifta «utvida dialog med kommunen» er det i brevet sagt at kommunen ikkje har ynskt utvida dialog i høyringsfasen. Dette er ei misforståing. Vi vil først etter ekstramøtet i plan- og miljøutvalet den 21. mars kunne gje tilbakemelding på tilbodet om utvida dialog. Plan- og miljøutvalet ynskjer å ta opp spørsmålet om kva alternativ ein skal gå vidare med i møtet den 21. mars. Denne avklaringa fekk vi onsdag ettermiddag på det ordinære møtet i plan- og miljøutvalet. Saka til den 21. mars er under førebuing no. I denne samanheng ba vi om skriftleg tilbakemelding frå fylkesmannsembetet (med frist torsdag 8. mars) på at de støttar varselet om motsegn frå Statens vegvesen. Vi ber om at Fylkesmannen enno opprettheldt moglegheita for å få gjennomført utvida dialog, og at vi snarast kan verte samd om ein dato for dette møtet. Dersom plan- og miljøutvalet går vekk frå alternativ 2 i møtet den 21. mars vil vi sjølvstøtt gje tilbakemelding om dette snarast råd.

Med helsing

Frøydis Ones

avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

